

# Fem steg frå bekymring til melding

---

## 1. Del!

Viss du som tilsett i Sykkylven kommune vert bekymra for eit barn eller ein ungdom, skal du normalt drøfte bekymringa, og om det er grunnlag for å følgje opp saka vidare med leiaren din.

Når du skal ta stilling til om det er grunnlag for å følgje opp saka vidare, kan det også vere hensiktsmessig å drøfte saka med andre faggrupper, til dømes barneverntenesta.

Dersom det er naturleg – bruk også kollegaer: opplever dei det same som deg, eller ser dei ting på ein annan måte? Bruk kvarandre til å drøfte barn de opplever har ein manglande trivsel. Reglane for teieplikt vil vere dei same som elles. Anonym drøfting er også ein metode som kan brukast.

Dersom de kjem fram til at det ikkje er grunn for bekymring, vert saka avslutta. Meldeplikta er personleg for innehavaren av den informasjonen som skapar bekymring. Viss ein av dykk – eller begge – kjem fram til at det er grunn til å vere bekymra, må saka følgjast opp vidare.

Dei vidare stega fram mot handling (avgjerd om å sende bekymringsmelding), er skildra i stega nedanfor.

## 2. Systematiser!

Skriv ned det som får deg til å bli bekymra. På denne måten får du systematisert og konkretisert tankane dine og daglege observasjonar. Her kan «Observasjonsskjema barn og unge 0-18 år», «Bekymringskala – barn og unge» og «Teikn og signal» vere gode verktøy for å konkretisere bekymringa.

## 3. Konkretiser!

Observer barnet i ein kort periode for å avgjere om det er aktuelt å trekke inn foreldra.

Beskriv observasjonane konkret og detaljert ut i frå kva du ser. Unngå tolking – beskriv berre dine faglege observasjonar som ligg til grunn for bekymringa di, og skriv ned opplysningar du eventuelt får munnleg.

Dersom barnet sjølv, foreldra eller andre som jobbar med barnet kjem med innspel på kva barnet sin manglande trivsel kan skuldast, skal dette også noterast.

Viss du etter denne perioden fortsatt vurderer at barnet ikkje trivst, skal du konkretisere bekymringa di.

Dersom barnet etter di vurdering er gammalt og modent nok til å kunne ha ei oppfatning av saka, skal du ha ein samtale med barnet om korleis han / ho sjølv oppfattar situasjonen.

Med mindre du mistenker at barnet er utsett for seksuelle overgrep eller anna vald i heimen, skal du snakke om bekymringa di med foreldra også, og du skal orientere barnet også om dette.

Ved mistanke om seksuelle overgrep eller annan vald i heimen skal du ikkje kontakte foreldra. Da skal barneverntenesta eller politiet verte kontakta. (Sjå avsnittet: «Når situasjonen er akutt»). Sjå også flytskjema «*Retningslinjer for tilsette i offentleg verksemd og private barnehagar/skular ved mistanke om at barn blir utsett for vald eller overgrep*».

#### 4. Gjer opp status!

På bakgrunn av samtalen med barnet og foreldra, observasjonane dine og drøftingane dine med leiar og kollegaer, skal du gjere opp status: Er det grunn til å vere bekymra?

#### 5. Vurder!

Viss de har konkludert med at det er grunn til bekymring, skal de vurdere om de skal melde bekymringa til barneverntenesta.

Skal de kontakte helsestasjon, fagteam, ressursteam (ungdomsskulen) for å drøfte saka anonymt, eller er barneverntenesta riktig instans for ei anonym drøfting?

Det er viktig å vurdere kva tiltak barnet sin familie har behov for (ikkje berre ha fokus på barnet), fordi barnet sin omsorgssituasjon er avhengig av forholda i heimen.

##### **Når har du meldeplikt til barneverntenesta?**

Du har meldeplikt etter barnevernlova § 6-4 når det er «grunn til å tro» at:

- «et barn blir mishandlet i hjemmet»



- «det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt»
- «et barn har vist vedvarende alvorlige atferdsvansker», eller
- «det er fare for utnyttelse av et barn til menneskehandel»

Ved «grunn til å tro» at ein av dei situasjonane som er nemnde ovanfor ligg føre, har du som innehaver av denne informasjonen plikt til å sende bekymringsmelding til barneverntenesta på eige initiativ. Nærare om vilkår for meldeplikt finn du i Sykkylven kommune sin mal for «Bekymringsmelding til barnevernet».

### **Kva gjer du viss du er i tvil om ei barnevernsmelding skal verte sendt?**

- Ta kontakt med barneverntenesta for ei anonym drøfting. Ring 70 24 65 00 og be om å bli sett over til nokon i barneverntenesta i kommunen.
- Bruk BTI-verktøya:
  - Observasjonsskjema
  - Bekymringsskala
  - Barn og unges signal på mistrivsel
  - Sykkylven kommune sin mal for bekymringsmelding

## **Når situasjonen er akutt**

### **Mistanke om vald i nære relasjonar og / eller seksuelle overgrep.**

Sjå «Retningslinjer for tilsette i offentleg verksemd og private barnehagar/skular ved mistanke om at barn blir utsett for vald eller overgrep» og <http://www.kriseportalen.no>

I dei situasjonane du har grunn til å tru at eit barn vert utsett for vald i nære relasjonar og / eller seksuelle overgrep, skal du ikkje følgje «5 steg frå bekymring til melding». Tidsaspektet er ofte viktig i slike saker, og krev augneblinkkeleg handling. Kontakt politi, evt. Barneverntenesta same dag som situasjonen oppstår.

Du, helst saman med einingsleiar, skal ivareta saka. De tek vidare kontakt med andre samarbeidspartnarar:

- **Barneverntenesta** sin meldingstelefon, her kan ein drøfte saker anonymt
  - 70 24 65 00 (sentralbordet)
  - 478 11 012 (fagleiar barneverntenesta)



SYKKYLVEN

- **Politiet** Dei kan bidra med hjelp til å vurdere anmelding, etc. Dei kan også verte kontakta for generell råd og rettleiing.
  - 02800
  -
- **Legevakta**
  - 70 25 50 50

Dersom barneverntenesta eller politiet rår at de (einingsleiar) går vidare med saka, skal de skrive bekymringsmelding. Er de usikre, skal de kontakte administrasjonen ved rådhuset for juridisk rettleiing.

#### Nødrettslege situasjonar

Ein har på det som vert kalla nødrettsleg grunnlag rett til å dele opplysningar som er underlagt teieplikt til andre dersom det er svært tungtvegande omsyn som gir grunn til det. Er det fare for liv og helse – skal politiet verte kontakta straks. Eit døme kan vere at ei mor er full og hentar barnet i barnehagen med bil. Ho let seg ikkje overtale til å late bilen stå, og køyrer med barnet i bilen.